

Årsmelding for HIFO Tromsø 2010

Styret har i 2010 hatt denne samansetjinga:

Leiar: Narve Fulsås, Institutt for historie og religionsvitskap (IHR), Universitetet i Tromsø

Sekretær: Per Pippin Aspaas, UB, UiT

Kasserar: Siv Rasmussen, stipendiat, IHR, UiT

Skulekontakt: Rolf Inge Larsen, stipendiat, IHR, UiT

Styremedlem: Vidar Eng, Vervarslinga for Nord-Norge

HIFO Tromsø hadde per 10. september 2010 75 medlemmer (av dei 3 som enno ikkje hadde fornya for 2010 og 5 nyrekrutterte gjennom gåvekortverving) (2008: 68, 2007: 63, 2006: 62, 2005: 62, 2004: 68, 2003: 61).

I perioden har det vore 6 ordinære styremøte. Utanom møta har styremedlemmene hatt kontakt direkte, på telefon og via e-post.

Aktivitetar i 2010:

Det nye styret blei vald på årsmøtet 5. desember 2009. Per Pippin Aspaas blei innvald som nytt medlem, resten tok attval. Årsmøtet gjekk inn for at dei komande årsmøta blir avvikla over nyttår, både fordi reknskapsår då kan falle saman med kalenderår og fordi det ikkje lenger er plass for ein eigen HIFO-julefest etter samanslåinga av institutta for historie og religionsvitskap. Det er meir naturleg at årsmøtet i framtida blir knytt til Koht-festen.

Aktiviteten i 2010 har vore konsentrert om to rødvinsseminar, ein ekskursjon og planlegging av Koht-fest i samband med årsmøtet.

1. **Rødvinsseminar** 11. mars 2010, på og i samarbeid med Hålogaland Teater. Kjartan Fløgstad innleidde om romanen *Grense Jakobselv*. Hans foredrag blei følgt av to kortare innlegg: om krig, *Bildung* og nazisme ved filosof Jørgen Fosslund og om kald krig og etterretning ved historikar Stian Bones, baa med utgangspunkt i Fløgstads roman. Det var stor oppslutning om arrangementet, med ca. 200 i teaterkafeen. Igjen hadde vi både økonomisk og annonseringsmessig mykje att for å samarbeide med HT. Tromsø Mållag var også medarrangør.
2. **Ekskursjon** til indre Troms 10.–12. september 2010. Ein entusiastisk og lommekjent komité (Stian Bones, Vidar Bjørnsen, Per Pippin Aspaas, Rolf Inge Larsen) hadde laga eit stort og engasjerande program for vel 20 deltakarar som reiste med buss frå Tromsø og hadde to overnattingar undervegs. To møte – om krigshistoria i Forsvarsmuseet på Setermoen og om same, døl og skulp på Fossmotunet – var opne arrangement, og baa trekte fulle hus. Til seminaret fekk HIFO eit tilskot på 10 000 kroner frå HSL-fakultetets middel til samarbeid med faglege interessegrupper og 5000 kroner frå HIFO sentralt.
3. **Rødvinsseminar** 3. november 2010 på Tromsø Museum. Kulturhistorikar Anne Eriksen innleidde om Tromsø Museum i museumshistorisk samanheng, følgt av direktør ved museet Marit Hauan, som tok opp aktuelle utfordringar. Frå HIFOs side er møtet tenkt som det fyrste i ei rekkje om lærdomsinstitusjonane i Tromsø. Dette møtet var lagt opp som eit samarrangement mellom vår rekkje av Rødvinsseminar og museets ”Vin og viten”-serie. Det kom ca. 40 tilhøyrarar.

4. **Årsmøte og Koht-fest** 10. februar 2011 i Champagnekantina i Breivika. Sveinulf Hegstad held årets tale, om "Kohts tid i Tromsø" med utgangspunkt i familiebilete. Masterstudentane i historie har vore med å planleggje og annonsere festen, som også får støtte frå Institutt for historie og religionsvitenskap.

Til supplerung av denne gjennomgangen kan det visast til to artiklar av Per Pippin Aspaas i HIFOs medlemsblad:

- "Rødvinsseminarene – en suksessoppskrift fra Tromsø?", *Historikeren* nr. 2, 2010, 8–10.
- Rapport om reiseseminar i indre Troms, under publisering i *Historikeren* nr. 1, 2011.

HIFO-Tromsø hadde også under planlegging eit reiseseminar til Telemark i samband med Historiedagane i Bø i juni. Dette måtte avlysast fordi oppsluttinga var for svak; det er grunnen til at aktiviteten våren 2010 blei redusert til eitt arrangement. Med sterk nedgang i driftsmiddel for universitetshistorikarane var det få frå vårt lokallag som til slutt deltok i Bø. Ingen frå styret hadde høve til å reise, og på årsmøtet i Bø var vi representerte ved Einar-Arne Drivenes.

HIFO arrangerte eit seminar med lokallaga om lokallagsarbeid i Oslo 1.–2. oktober. Her deltok Kari Aga Myklebost som sentralstyremedlem, og ho representerte samtidig vårt lokallag. 5. oktober blei styret informert av Kari om resultatane frå seminaret.

Det siste året har vi teke kontakt med historielærarar ved fleire vidaregåande skular i Tromsø: Tromsdalen, Kongsbakken og Kvaløya. Eit problem med denne kontakten er at mange historielærarar ikkje har hovudfag eller mastergrad i historie, og derfor fell utanfor HIFOs medlemskriterium. Tromsdalen har likevel bede om og fått tilsendt informasjons- og vervemateriell, og Rolf Inge er invitert til fagleg seminar for vgs-historielærarane i februar. Å styrke denne kontakten bør vere ei oppgåve også for det nye styret.

Narve Fulsås
Tromsø 10. februar 2011